

Vang kommune si hovudmålsetting for Tyinkrysset er å leggje til rette for at området kan utvikle seg til ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon.



Vang kommune

# Tyinkrysset

KOMMUNEDELPLAN

| Planomtale |





Til sluttbehandling, plan-ID: 2015003



# Tyinkrysset

## KOMMUNEDELPLAN

### | Planomtale |

Til behandling i KS (Sak 0XX/19, 11.04.2019) forut for høring og offentlig ettersyn 11.04.2019 med heimel i plan- og bygningslova, av 27.6.2008 nr. 71, § 11-14.

Plan-ID: 2015003

---

Sist revidert: 4. april 2019

Framsidedfoto: Skikøyring frå Skørnsnøse © Lars Østbye Hemsing



Til sluttbehandling, plan-ID: 2015003



---

## Innhald

1	Oppbygging av planen .....	7
2	Dagens situasjon.....	7
3	Overordna målsetting for Tyinkryset.....	8
4	Planprosess.....	8
4.1	Bakgrunn for planarbeidet .....	8
4.2	Planprosessen så langt .....	8
4.3	Krav om konsekvensutgreiing og planprogram.....	10
5	Formål med planarbeidet.....	11
6	Planområdet .....	11
6.1	Geografisk avgrensing .....	11
6.2	Geologi, naturmangfald og vassdrag.....	12
6.3	Jordbruk.....	13
6.4	Kulturminne og –miljø.....	13
6.5	Friluftsliv .....	14
6.6	Samfunnssikring og beredskap.....	14
6.7	Eksisterande bygg i planområdet .....	15
6.8	Næring.....	15
7	Overordna planar .....	16
7.1	Overordna- og lokale føringar .....	16
7.2	Kommunal planstrategi .....	17
8	Rammeplan vatn og avløp.....	17
9	Utbyggingsområde .....	18
9.1	Eksisterande planar .....	18
9.2	Nye utbyggingsområde .....	20
9.3	Omsynssoner, pbl § 11-8.....	27
9.4	Generelle føresegn til kommunedelplanen.....	27
10	Innspel som kom til varsel om planoppstart.....	30
11	I. Vedlegg: .....	34



Til sluttbehandling, plan-ID: 2015003



## 1 Oppbygging av planen

Planområdet for Tyinkrysset er eit delområde innanfor kommuneplanens arealdel, med detaljerte føringar for forvaltning av eksisterande område og for utvikling nye. Kommunedelplanen(2020-2024) har eit fireårs perspektiv, og er juridisk bindande for arealbruken. Alle tiltak som endrar det fysiske miljøet skal vera i tråd med denne planen.

Kommunedelplanen består av:

- Plankart

Plankartet er juridisk bindande for arealbruken, og gjev grunnlag for vidare detaljplanlegging av areal og for byggesaksbehandling i kommunen.

- Føresegn

Det er utarbeidd føresegn til dei ulike arealformåla og omsynssonene i plankartet. Føresegna er juridisk bindande.

- Planomtale

Planomtala inneheld planens formål, hovudinnhald og verknader. Planomtala seier og noko om bakgrunn for vegval.

- Vedlegg

- Konsekvensutgreiing
- Risiko- og sårbarheitsanalyse
- Temakart fare- og støysonar
- Temakart kulturminnar
- Temakart gjennomførings-, detaljerings- og infrastruktursonar.
- Temakart arealformål
- Rammeplan vatn og avløp

## 2 Dagens situasjon

Gjeldande kommunedelplan for Tyinkrysset vart vedtatte 22.september 2005. Sidan 2007 er det lagt ned mykje tid og ressursar for å vidareutvikle Tyinkrysset som reiselivsdestinasjon og å revidere kommunedelplanen ut frå desse føresetnadane.

I 2008 starta kommunen med revisjon av kommuneplanen. Kommunedelplanane skulle inngå i dette arbeidet. Arbeidet med kommuneplanen tok tid; våren 2013 avgjorde kommunen å gjennomføre revisjon av kommuneplanen fyrst, for så å ta fatt på kommunedelplanane. For å sikre at areal ikkje vart nytta i strid med masterplanen medan ein venta på revisjonen, vedtok kommunestyret den 23.5.2013 eit mellombels bygge- og deleforbod innanfor området for kommunedelplanen. Dette bygge- og deleforbodet vart forlenga med inntil to år den 18.mai 2017.

Kommuneplanen vart vedteke 18.desember 2014 (sist revidert 12.februar 2015). Den seier at kommunedelplanane framleis skal gjelde. I planstrategi 2016-2019 (vedteke 24.juni 2016) er kommunedelplanen for Tyinkrysset prioritert revidert i perioden 2016-2017, men det var av fleire årsakar naudsynt å nytte 2018 og deler av 2019 for å få eit forslag til kommunedelplan klart til behandling.



### 3 Overordna målsetting for Tyinkrysset

Hovudmålsettinga til Vang kommune er å leggje til rette for at Tyinkrysset skal bli ein stor, heilårs reiselivsdestinasjon. Saman med grunneigarar og næringslivet ynskjer kommunen å arbeide aktivt og langsiktig for å nå målsettingane som ligg i masterplanen som er utarbeidd for området.

## 4 Planprosess

### 4.1 Bakgrunn for planarbeidet

I 2007 vart det innleia eit initiativ til eit «masterplanarbeid» på Tyin/Filefjell. Dette arbeidet resulterte i forstudien «Reisemålsutvikling på Tyin/Filefjell» (våren 2008).

I 2010 vart det sett ned ei breitt samansett styringsgruppe som skulle arbeide med «fase 2» av dette arbeidet. Denne gruppa leverte våren 2011 sitt innspel til kommunedelplanen for Tyinkrysset. Eit konsulentfirma, Ecosign, vart engasjert for å utarbeide ein heilskapleg plan for utviklinga av området. Masterplanen vart levert til kommunen i 2011. Sidan den gong har den vore oppe i kommunestyret ved fleire høve, og det er semje og ynskje om å arbeide aktivt i området med masterplanen som utgangspunkt og mål.

### 4.2 Planprosessen så langt

Kommunen hadde eit ope oppstartsmøte på VBU den 27.februar 2015. Her møtte om lag 30 personar, og kommunen orienterte om grunnlaget for revisjonen av kommunedelplanen, arbeidsopplegget og tenkt framdrift.

Den 25.mars 2015 vart det varsla oppstart av planarbeidet. Samstundes vart planprogrammet lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Fristen for å kome med merknader var sett til 8.mai 2015. På planprogrammet kom det tre innspel (Oppland fylkeskommune, Fylkesmannen i Oppland og Statens vegvesen). I tillegg kom det innspel på utbyggingsområde (frå grunneigarar og lag, foreiningar og andre interesseorganisasjonar) og overordna retningsliner for utarbeidinga av planar (FNF Oppland). Vurdering av dei innkomne innspela kan ein sjå i kapittel 8.

Den 22.september 2015 arrangerte Vang kommune ei synfaring i planområdet for Fylkesmannen og fylkeskommunen. Her skisserte kommunen planane for ny kommunedelplan for dei overordna myndigheitene. Det vart og gjennomført ei orientering om masterplanen i felt.

Planprogrammet vart behandla i kommunestyret den 22.september 2016 (sak KS-064/16), med vedtak om at fastsetting av planprogram skulle utsettast til det hadde vorte gjennomført eit felles møte for alle interessentar i området og at avtale om refinansiering skulle etablerast. I etterkant av dette vedtaket har det vorte arbeidd aktivt for å skape dialog mellom aktørane i området. Den 13.januar 2017 vart det halde eit ope møte for aktørane på Mjøsvang, i tillegg til at det vore halde fleire møter med partane enkeltvis. Dialogen har gått mykje rundt refinansiering av fellesgode og skiheis, vasskapasitet og situasjonen med nye utbyggingsområde og eksisterande tomtereserve.





Planprogrammet vart samrøystes fastsett i kommunestyret 06.april 2017 (sak KS-021/17), med fylgjande vedtak:

*Vang kommune ynskjer å legge destinasjonsplanen sin etappe nr. 1 til grunn for arbeidet vidare med ny Kommunedelplan på Tyinkryset. Planen skal ha ein periode på 10 år.*

*Med heimel i plan- og bygningslova § 4-1, jf. §11-12, vedtek kommunestyret planprogrammet for kommunedelplan for Tyinkryset (2018-2028).*

*Som framlegg med slikt tillegg: Utbyggingsetappe nr. 1 i ny kommunedelplan må vurderast nøyare.*

Den 06.april 2017 fatta kommunestyret eit forutsigbarhetsvedtak i sak KS-091/17, der mellom anna forslag til føresegnoner og rekkefylgjeføresegn vart lagt fram. Forutsigbarhetsvedtaket vart fatta for å synleggjera kva kommunen ynskjer med kommunedelplanen, kva forventningar kommunen har og korleis ein skal nå målsettingane.

For å sikre at det ikkje skjer arealdisponeringar og tiltak som er i strid med masterplanen eller kan gjera planarbeidet vanskeleg, forlenga kommunestyret mellombels forbod mot tiltak innanfor kommunedelplanområdet Tyinkryset den 18.mai 2017 i sak KS-028/17 med ytterlegare to år.

Den 8. februar 2018 vart det på nytt halde eit ope møte om kommunedelplanen på Vang kommunehus, der det vart orientert om planprosessen så langt og det var høve til å kome med innspel. Eit forslag var å sette ned ei referansegruppe som skulle kome med innspel til det vidare planarbeidet. Hovudutval for utvikling oppnemnde i møte 13.februar 2018 ei referansegruppe med representantar frå alle politiske parti, ulike næringsaktørar og grunneigarane på Tyin/Filefjell, i hovudsak representert ved Fjellets Fellesgodefinansiering(FFF). Det vart i løpet av våren 2018 gjennomført fire møter med den intensjon om å utforme eitt felles innspel til planarbeidet. Referansegruppa klarte ikkje å einast kring eit felles innspel, og gruppa leverte difor eit delt innspel. Dette var oppe som referatsak i hovudutval for utvikling og i kommunestyret i juni 2018.

16. og 17. april 2018 vart det gjennomført ein studietur med politikarane i kommunestyret og deltakarane i referansegruppa, for å sjå og lære korleis andre kommunar har bygd opp sine reiselivsdestinasjonar. Turen gjekk til Hemsedal og Myrkdalen, og i Myrkdalen fekk deltakarane og ein presentasjon av Eidsfjord Resort.

Gjennom planprosessen kjem det fram at det er mange ulike ynskjer for området – frå kommunen som samfunnsutviklar, grunneigarar, utviklarar og fastbuande. Korleis ein skulle foreine dei ulike ynskj og samstundes sikre ei god utvikling av området, har vore krevjande. I august 2018 hadde administrasjonen difor ei synfaring og konstruktiv drøfting med Oppland Fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland. Her vart planmessige sider og samfunnsutvikling drøfta på saksbehandlarnivå. Administrasjonen arbeide vidare med planforslaget og kom fram til eit «kompromiss» og eit forslag til ny kommunedelplan for Tyinkryset.

Forslaget skal få vedteke ein kommunedelplan så snøgt som mogleg ved å:

- Utarbeide ein «mindre» plan med kort planperiode - 4 år - som sikrar vidare utvikling, held «hjula i gang» og har få konflikttema.
- Når mindre plan er vedteke, arbeide for å legge til rette for ei større utvikling av området, jf. masterplanen og innspel frå aktørane.



Forslaget vart lagt fram for styringsgruppa i møte 14.09.2018. Konklusjonen var at planleggjarane skulle gjennomføre ei rekkje møter for å få attendemeldingar på denne tilnærminga til det vidare planarbeidet. Møta vart halde med rørde grunneigarar, Fjellets Fellesgodefinansiering, Tyin Filefjell Utvikling, Tyin Filefjell Hytteforum, Tyinkrysset Eigedom AS, Filefjell og Tyin AS, Jotunheimen Eigedom AS og fastbuande. Synspunkta frå møta vart lagt fram for styringsgruppa i møte 16.10.2018, og det vart bestemt at dette skulle presenterast for kommunestyret den 01.11.2018. Forslaget til ny kommunedelplan vart drøftingssak i kommunestyret for å få ei attendemelding på om forslaget var ei god tilnærming til ny kommunedelplan. Det vart i møtet fremja forslag om votering for å gje eit tydeleg signal attende til administrasjonen. Framlegget vart vedteke med 15 mot 1 stemme.

I forslaget til ny kommunedelplan legg ein opp til å vidareutvikle eksisterande sentrum på Tyinkrysset. For å få til denne utviklinga var det naudsynt å få til ei avklaring for bustadhusa i området, og om desse kunne gjevast kombinert formål for å vera i tråd med ynskjt utvikling av området. I kommunestyret i sak 003/19 vart det fatta fylgjande samrøystes vedtak:

*Kommunestyret går inn for å gje samtlige bustader og regulerte bustadtomter i reguleringsplanane for Tyinkrysset og Høgeset kombinert/næring/fritid som føremål i ny kommunedelplan.*

*Kommunen vil inntil ny kommunedelplan for Tyinkrysset er endeleg vedtake, ikkje tildele eller selje fleire kommunale tomter innanfor reguleringsplanane Tyinkrysset og Høgeset.*

*I den nye kommuneplanen for Tyinkrysset skal det avsettast areal til bustadfelt/bustadføremål.*

#### 4.3 Krav om konsekvensutgreiing og planprogram

Forskrift om konsekvensutredningar (forskrift nr. 854 av 21.6.2017) vart vedtake etter at planprogrammet til denne planen vart vedteke (sak 021/17, 6.4.2017). I forkant var det vurdert at dette planarbeidet fall inn under den dagjeldande forskrift om konsekvensutgreiingar (forskrift nr. 1726 av 19.12.2014) og det skulle utarbeidast planprogram, jf. plan- og bygningslova (heretter kalla pbl) § 4-1.

Planprogrammet skal gjere greie for formål med planarbeidet, planprosessen og opplegg for medverknad. Verknaden av planarbeidet for miljø og samfunn og alternativ i planarbeidet skal kome fram av planprogrammet.

Vedteke planprogram syner til åtte utgreiingstema som skal bli vurdert i kommunedelplanen:

- Skred- og flaumfare
- Landskap
- Naturmangfald og vassdrag
- Friluftsliv
- Kulturminne og –miljø
- Støy
- Nye utbyggingsområde

Ny forskrift om konsekvensutgreiingar vert lagt til grunn for det vidare arbeidet. Alle tema blir omtala og konsekvensane av desse vala er vurdert i planomtala i kapittel 9.

## 5 Formål med planarbeidet


Vang kommune ynskjer å utvikle området rundt Tyinkrysset til ein heilårs reiselivsdestinasjon.

Masterplanen synleggjer korleis ein kan arbeide mot å skape ein slik destinasjon. Denne består av fire utbyggingsetappar for ein ferdigutvikla reiselivsdestinasjon. Kommunen tek utgangspunkt i masterplanen si etappe nr. 1 når ein vurderer kva for område som skal takast inn i ny kommunedelplan som utviklingsområde. Desse er omtala i kapittel 9.

## 6 Planområdet

### 6.1 Geografisk avgrensing

Planområdet for ny kommunedelplan er lik som for den gamle (figur 1). Planområdet er avgrensa mot Øvre dalen i aust, Kyrkjestølen i vest, mot Tyin i nord og Tenlefjorden i sør. E16 går gjennom planområdet, i tunnel frå Tyinkrysset til Kyrkjestølen. FV53 mot Årdal og FV296 (gamle E16) tek av frå Tyinkrysset. Planområdet er 83,9 km<sup>2</sup>.



**Figur 1:** Avgrensinga av planområdet for ny kommunedelplan for Tyinkrysset (2018-2028) er den same som for den gamle kommunedelplanen.

## 6.2 Geologi, naturmangfold og vassdrag


### 6.2.1 Grunnforhold

Dalen igjennom planområdet går frå 640 moh til 980 moh ved Kyrkjestølen. Det høgste punktet i planområdet ligg på 1452 moh. Det er eit skilje i samansetninga av den geologiske berggrunnen gjennom planområdet. Jotun-Valdresdekkekomplekset (dominert av granitt) utgjer samansetninga i berggrunnen nord for E16. Sør for E16 er Fortun-Vangsdekket (dominert av fylitt).

Det er mykje fjell i dagen. Lausmassane er hovudsakleg morenemateriale eller tynt dekke over berggrunnen. Det er ein del myrar innafor området.

### 6.2.2 Naturmangfold og vassdrag

Området ligg i nordboreal-, låg-, mellom- og høgalpin vegetasjonssone. Storparten av arealet innanfor planområdet er snaufjell og høgfjellskog med bjørk og innslag av gran. I bjørkebeltet er det leveområde for hønsfugl som lirype, fjellrype og orrfugl. Det er fleire rike myrområde langs vassdraga. Det er registrert både truga artar og artar av særleg stor forvaltningsinteresse i planområdet (sjå figur 2). Tabell 1 i vedlegg 1 gjer ei oversikt over artane, der det er 20 ansvarsartar og 12 raudlista artar (1 sterkt trua (svarthalespove), 2 sårbare (bergand og lappspurv) og 9 nært trua).



**Figur 2:** Registreringar av artar av særleg forvaltningsinteresse i planområdet.

Det er inngrepsfrie område i planområdet både 3-5 km og > 5 km frå næraste tyngre inngrep. Sistnemnde er knytt til området i nordvest rundt Slettingsegge, medan områda med 3-5 km frå tyngre inngrep er knytt til fjellområda på båe sider av dalføret.

Begnavassdraget renn gjennom planområdet, og er på denne strekninga verna mot ytterlegare regulering iht. verneplan for vassdrag. I samband med arbeidet med vassforskrifta og klassifiseringa av alle vassførekomstane er hovudvassdraget i planområdet, øvre deler av Begna og Øtrøvatnet, klassifisert som «sterkt modifiserte vassførekomstar». Her skal «godt økologisk potensial» nåast i 2021. Hovudvassdraget er her klassifisert som «moderat» pga. reguleringa (dam, mangel på fiskevandringar og mangel på minstevassføring).



### 6.3 Jordbruk

Ved Nystuen, Gamlestøga, Grihamarstølen, Grøvtølen og i området rundt Tyinkrysset har det vore aktiv støling. Ingen av stølane er lenger i tradisjonell drift. Nokre stølsjorder er framleis klassifisert som innmarksbeite, og sau beitar i hele planområdet. Tamrein trekker og beitar tidivs i området, særlig sør for E16 og Otrøvatnet.

### 6.4 Kulturminne og –miljø


Området er nytta av menneske i lang tid – det er gjort registreringar som er datert så langt tilbake som til steinalderen. Det er gjort fleire registreringar/undersøkingar av kulturminne i området. Til døme har Oppland fylkeskommune gjort registreringar her:

- Gudbrandslia og Børrelia (2004),
- Synhaug (2005),
- Børrelia (2005)
- Høgseth og Skørnsnøse (2005)

Dei automatisk freda kulturminna (sjå figur 3) i planområdet er dominert av å vere kolgroper, jernframstillingsanlegg og malmfunn, medan det og finst enkelte tufter og gravplassar. Kongevegen går gjennom planområdet. Denne syner korleis eit kulturmiljø kan gjere eit område rikare; Kongevegen trekker turistar, men er også viktig for dei som har ei tilknytning til området som mål for nærturar mv.

Seinhaustes 2017 gjennomførte arkeolog frå fylkeskommunen og representantar frå kommunen ei synfaring i området ved Opdalstølen-Grihamarstølen. Dette området er særskilt rikt på kulturminne. Fylkeskommunen ynskjer at kommunen set av større område for å sikre desse kulturmiljøa.

Undersøkningsplikta jamfør Kulturminnelova må fylgjast ved utarbeiding av detaljreguleringsplanar basert på kommunedelplanen. Dette er ein omfattande jobb, og må rekvirerast ved starten av planarbeidet.



**Figur 3:** Registrering av automatisk freda kulturminne i planområdet.



## 6.5 Friluftsliv

Høve til å utøve friluftsliv er ein av dei beste kvalitetane i planområdet for utvikling av destinasjonen. Fjellheimen og nærområde byr på store variasjonar for friluftsliv, frå småviltjakt og fiske, til skiturar (randonee, langrenn og alpint) og fotturar.

Langrennsnettlet er godt utvikla i området. I dag er det vel 140 km med løyper som vert preparert i vintersesongen. Den nye kommunedelplanen vil vera med på å vidareutvikle dette tilbudet. Dei nye skiheisane som ligg i kommunedelplanen vil auke tilbudet for alpin, men vil samstundes vere med på å gje eit rikare tilbod til dei som ynskjer å gå/køyre på randoné-ski.

I kommunedelplanen er det fokus på å sikre parkeringsplassar til besøkjande og brukarane av området. Det er viktig for kommunen å leggje til rette for parkeringsplasser i området – enten dei skal gå fot- eller skiturar

## 6.6 Samfunnssikring og beredskap

Delar av området er utsett for snøskred, jord- og flaumskred og steinsprang. Dei fleste aktsemdomsråda ligg slik til at dei er uaktuelle for utbygging. Samstundes påverkar aktsemdomsråda nokre av dei nye utbyggingsområde. Difor er NGI engasjert til å gjere ei nærera vurdering av faren for ras i området. Med omsyn til fare for store flaumhendinger, ser kommunen den som liten grunna området plassering høgt i vannstrengen. Det er utarbeidd eigen ROS-analyse og konsekvensutgreiing for kommunedelplanen. Verknaden dette har for dei aktuelle utviklingsområda er drøfta under kvart arealformål i kapittel 9.2.

### 6.6.1 Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

Asplan Viak har gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse for heile masterplanen. På bakgrunn av denne har kommunen gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse for dei aktuelle utbyggingsområda i planforslaget. ROS-analysen syner at endringar i nedbørsmønstre og sårbarheit ved utvikling langt frå eksisterande tenester kan få verknad for tryggleik innanfor planområdet. Risikomatrissa nedanfor (tabell 1) er henta frå kapittel fem i analysen.

**Tabell 1:** Endeleg risikovurdering (gjelder mest alvorlige enkeltområde og ikkje planforslaget som heilskap)

Sannsyn/ konsekvens	Låg sannsyn	Middels sannsyn	Høgt sannsyn
Låg konsekvens	7: svikt internveg	5: Havari VA	6: Responstid 1: Overvatn
Middels konsekvens	3: Forureina drikkevatt	2: Skred 4: Brann i fjellanlegg	
Høg konsekvens			



Planområdet inneheld mange eksisterande bygg, og desse forklarar ein del av auka sårbarheit for overvatn og nedbørshendinger. Nye utviklingsområde må òg ta høgde for mellom anna overvatn og nedbørshendingar, og det er naturleg å krevje særskilte føresegn knytt til dette ved utforming av nye reguleringsplaner. Eksisterande bygg vert handtert gjennom plan- og bygningslova, og kan med bakgrunn i denne få krav om tilpassing til fare om dei vert vidareutvikla.

ROS-analysen syner vidare at VA-anlegg er eit kritisk punkt innafor området. VA-anlegg kan føre til forureining, forgifting eller tap av slokke- og drikkevatt. Eksisterande anlegg er nylig oppført, og det er dimensjonert for planforslaget. Planforslaget krev VA-rammeplan, og det vert lagt til grunn at denne vurderer tiltak for å avgrense sårbarheit.

Føreslege arealformål gjer at ein kan forvente auka trafikk til planområdet. Mykje av denne trafikken vil koma utanfrå kommunen. Auka bruk førar til auka fare for trafikkulykker, og konsekvens ved hending kan bli forsterka av lang responstid. Ulykke i tunnel aukar skadepotensiale ved ei hending. Tunnelane i kommunen er stort sett moderne og har ein rekke sikringstiltak, noko som avgrensar sannsyn og eskaleringspotensiale. Samstundes syner kunnskapsgrunnlag at førarfeil ofte ligg til grunn for ulykker.

Ingen av dei analyserte hendingane gjer det naturleg å forkaste planforslag, men det vert lagt til grunn at føreslegne tiltak vert vidareført inn i føresegn og plankart. Dette gjeld i hovudsak handtering av overvatn, omsynssoner og føresegn for flaum- og skredområde, krav om VA-rammeplan og dimensjonering av tilkomst- og internvegar.

#### 6.6.2 Konsekvensutgreiing

Asplan Viak har utarbeidd ei konsekvensutgreiing for heile masterplanen. På bakgrunn av denne har kommunen utarbeidd ei konsekvensutgreiing for dei aktuelle områda i planforslaget. Desse har ei høgare detaljgrad, men er framleis på eit overordna nivå, i tråd med forskrift om konsekvensutgreiing § 18. For kvart arealformål og område er konsekvensane vurdert og omtala i kapittel 9.2.

#### 6.7 Eksisterande bygg i planområdet

Innanfor planområdet er det om lag 670 fritidsbustadar og 15 anneks, snautt 100 leilegheiter, 24 stølar, 15 fjøs og 17 bustader.

Dei aller fleste fritidsbustadane har høg standard. Kommunen har som målsetting å redusere talet på private anlegg for vatn og avløp, og byggjer ut kapasiteten i takt med utbygginga. Eksisterande fritidsbustader vil då kunne kobles på dette anlegget.

#### 6.8 Næring

Det er mange verksemdar i området som er knytt opp mot fritidsbustadane i form av service- og tenester. Det er ein matvarebutikk, bensinstasjon, el-ladestasjon og to sportsbutikker. I tillegg er det tre serveringsstader og høve for å leige overnattingsplass. For næringslivet i Vang og omegn vil ei vidare satsing på utvikling av fritidsbustader og aktivitet knytt til desse vere vesentleg for verdiskapinga i område.



## 7 Overordna planar

Føringar for planarbeidet er lovar og forskrifter, rikspolitiske retningslinjer, fylkesdelplanar, kommuneplanar og kommunale retningslinjer. Under er det lista opp ei oversikt over dei viktigaste kommunale-, regionale- og nasjonale føringane som kommunen har teke omsyn til under arbeidet med kommunedelplanen. Dette er i samsvar med vedteke planprogram.

### 7.1 Overordna- og lokale føringar

Statlege-, regionale og kommunale føringar ihht. Vang kommune sin planstrategi (vedteke 24.6.2016, sjå punkt 3.2) vil liggja til grunn for planarbeidet. Spesielt viktig for dette arbeidet er:

Lover:

- Folkehelselova (lov av 24.6.2011 nr. 29)
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt (22.8.2011 nr. 894)
- Forskrift om konsekvensutredning (forskrift av 21.6.2017 nr. 854)
- Jordlova (lov av 12.5.1995 nr. 23) med forskrifter
- Kulturminnelova (lov av 9.6.1978 nr. 50)
- Motorferdselslova (lov av 10.6.1977 nr. 82) med forskrifter
- Naturmangfoldlova (19.6.2009 nr. 100) med forskrifter
- Plan- og bygningslova (lov av 27.6.2008 nr. 71) med forskrifter og rikspolitiske retningslinjer
- Sivilbeskyttelsesloven (lov av 22.4.2016 nr. 3)

Statlege- og regionale planretningslinjer

- Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven (T-1513)
- Den europeiske landskapskonvensjonen (CETS No. 176)
- Fylkesplan for Oppland 2005-2008
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (kgl.res. 12.6.2015)
- Planlegging av fritidsbebyggelse (T-1450)
- Regional plan for samfunnssikkerhet og beredskap 2014-2017 (Oppland fylkeskommune)
- Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand (St.meld. nr. 26 (2006-2007))
- Retningsline for behandling av støy i arealplanlegginga (T1442/2012)
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (kgl.res. 10.11.1994)
- Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (forskrift nr. 1469 av 28.9.2018)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (26.09.2014)
- T-5/99 Tilgjengelighet for alle (29.12.2009)

Kommunen sine overordna planar:

- Overordna ROS-analyse 2016-2019 (vedteke 24.6.2016)
- Kommuneplanen 2015-2027 (vedteke 18.12.2014)
  - Arealdelen med føresegn og retningslinjer
  - Samfunnsdelen





## 7.2 Kommunal planstrategi

Kommunestyret i Vang vedtok den 24.6.2016 ny planstrategi for kommunestyreperioden 2015-2019, jf. pbl § 10-1. Dette er kommunestyret sitt prioriterings- og styringsdokument som legg føringar for kommunen sitt planleggingsbehov. Revisjon av kommunedelplanen på Tyinkrysset er ei prioritert oppgåve for 2016-2017.

Ihht. planstrategien skal alle kommunen sine planar bli vurdert ut frå fylgjande punkt:

- Folkehelse
- Klima, energi og miljø
- Tilgjenge for alle
- Samfunnssikring

## 8 Rammeplan vatn og avløp

Vang kommune utarbeida ein rammeplan for vatn og avløp i 2012. Denne rammeplanen baserer seg på masterplanen med tilhøyrande dimensjonar på VA-anlegget. Det vart planlagt nytt reinseanlegg ved sørenden av Fløgstrøndfjorden og nytt vassverk i nordenden. Det nye reinseanlegget er overteke av kommunen og sett i drift, medan det nye vassverket er under bygging og er venta sett i drift våren 2020. Samla har kommunen dei seinare åra investert ein stad mellom 70 og 75 MNOK i vatn og avløp på Tyinkrysset.

Rammeplanen er revidert fyrste kvartal 2019 til dei nye utbyggingsområda i kommunedelplanen. Rammeplanen inneheld eit oversiktskart, systemskisse og ein rapport om korleis vatn- og avløpsanlegget må dimensjonerast og rekkefylgje for utbygging den legg til grunn.



## 9 Utbyggingsområde

### 9.1 Eksisterende planar

Innanfor kommunedelplanområdet er det totalt 31 reguleringsplanar (sjå tabell 2). Fleire av dei er gamle og møter ikkje dagens krav til reguleringsplanar. Kommunen har gjort ei heilskapleg vurdering av alle planane i området. Erfaring frå byggesaksbehandling seier at nokre av planane har føresegn for utforming som ikkje er i tråd med dagens ynskjer. Nokre av områda har potensial for fortetting, medan andre område har utfordringar knytt til samfunnssikring og naturfare. Eit anna grunn for å sjå nærare på planane, er at mange av dei er av eldre dato og har manglande utvikling. Det vert vist til at planer vedteken etter nyare lov skal vurderast etter 10 år om utviklinga ikkje er kome i gang.

**Tabell 2:** Vedtekne reguleringsplanar innanfor planområdet for kommunedelplanen på Tyinkrysset.

Namn på reguleringsplan	Plan-ID	Vedtaksdato	Skal fortsatt gjelde
<b>Tyinkrysset</b>	0545R024	26.06.1975	Nei
<b>Varden I</b>	0545R028	11.03.1985	Ja
<b>Børrenøse</b>	0545R004	15.10.1992	Ja
<b>Varden II</b>	0545R029	04.02.1999	Ja
<b>Tyinkrysset-Høgeseth</b>	0545R025	04.02.1999	Nei
<b>Skørnsnøse</b>	0545R055	12.12.2000	Nei
<b>Nystøga hyttegrend</b>	0545R016	27.06.2002	Ja
<b>Børrelia II</b>	0545R003	27.06.2003	Ja
<b>E16 Grihamar Varpe</b>	0545R065	22.04.2004	Ja
<b>Andstor - Tyinkrysset</b>	0545R039	24.06.2004	Nei
<b>Gudbrandslie</b>	0545R035	28.04.2005	Ja
<b>UH1 og UH2 i Andstor</b>	0545B007	12.01.2006	Nei
<b>R27 -Tørisheis</b>	0545R027	30.03.2006	Ja
<b>Øvre Gudbrandslie</b>	0545R048	20.06.2006	Ja
<b>Synhaug</b>	0545R054	20.09.2007	Nei
<b>Vardejordet</b>	0545R057	29.09.2007	Ja
<b>Børrelia I</b>	0545R056	07.02.2008	Ja
<b>UH-3 - Andstorfeltet</b>	0545B008	10.6.2008	Nei
<b>Reguleringsplan Vesleåntjednet</b>	0545R069	16.06.2009	Ja
<b>Tendlelie</b>	0545R079	28.10.2010	Ja
<b>E 16 Nystuen - Fylkesgrense</b>	0545R085	15.12.2011	Ja
<b>Ingrids hyttegrend</b>	0545R087	15.12.2011	Nei
<b>Busslomme ved Tyinkrysset</b>	2012004	23.05.2012	Ja
<b>E16 Varpe bru-Nystuen</b>	2011004	24.05.2012	Ja
<b>Massedeponi ved Varpe bru</b>	2012003	23.05.2013	Ja
<b>Reguleringsplan for E16 Varpe bru-Nystuen ME</b>	2013002	19.09.2013	Ja
<b>Tyinkrysset fjellstue med alpin</b>	0545R086	22.04.2015	Nei
<b>Reguleringsplan for justering av E16 ved Kolabrune</b>	2014002	24.09.2015	Ja



<b>Børrenøse</b>	2015005	17.11.2015	Ja
<b>Reguleringsplan for vassverk og vassreinseanlegg Tyinkryssset</b>	2016004	20.09.2018	Ja
<b>Tindesyn</b>	2017005	14.12.2018	Ja

Etter gjennomgangen er det ni reguleringsplanar, lista i tabell 3, kommunen føresleg å oppheve. Eksisterande bebyggelse og ubebygde, regulerte tomter er føreslege regulert direkte i planforslaget.

**Tabell 3:** Reguleringsplaner som vert føreslege oppheva med vurdering.

Namn på reguleringsplan	Hovudårsak til oppheving
<b>Tyinkryssset</b>	Planen er av eldre dato. Det er ynskjeleg å heve utnyttingsgraden for dei eksisterande fritidsbustadane, samt oppdatere føresegn for bebyggelse. Kommunen ynskjer å sjå heilskapleg på sentrum, og ynskjer ny regulering av området.
<b>Tyinkryssset-Høgeset</b>	Planen er av eldre dato. Det er ynskjeleg å endre arealformåla i tråd med masterplan, samt endra bruk. Området vart tidligare nytta til leirskule, men denne er no borte. Ny E16-trase og potensiell framtidig skinedfart og gondolbane frå Skørnsnøse må innarbeidast.
<b>Skørnsnøse</b>	Planen er 18 år gamal og er i liten grad utvikla. Ny kunnskap om skredfare og kulturminner gjer at kommunen ynskjer ein ny reguleringsplan for området. Tomteinndeling og tilkomast-vegar bør og vurderast på nytt. Det er viktig å sikre potensiell, framtidig skinedfart frå Skørnsnøse i framtidig plan.
<b>UH-3 - Andstorfeltet</b>	Bebyggingsplanen er 17 år gamal og ikkje utvikla. Ny kunnskap om skredfare og ynskje om endra utnytting gjer at kommunen ynskjer at området vert planlagt på nytt.
<b>Andstor -Tyinkryssset</b>	Det er stort fortettingspotensiale i planen, samstundes som det er tomter i reguleringsplanen som er i konflikt med nye alpinområde. Det er ynskjeleg å oppdatere utformingsføresegn, samt legge til rette for ny tilkomstveg for felt ovanfor.
<b>UH1 og UH2 i Andstor</b>	Området er ferdig utvikla, men det er ynskjeleg å oppdatere arealformål for å få dei i tråd med faktisk bruk.
<b>Synhaug</b>	Planen er 11 år gamal og lite utvikling har skjedd. Ny kunnskap syner skredfare, og kommunen meiner området har utnyttings- og fortettingspotensiale. I 2010 vart det fremma eit forslag frå tiltakshavar om utviding/ny plan for området med Synhaug-Kilane. Dette vart fremma på nytt i juni 2018. Med ein ny reguleringsplan som tek for seg både areala, kan gje meir heilskapeleg utnytting av området.
<b>Ingrids hyttegrend</b>	Kommunen ynskjer ei heilskapleg utvikling av sentrum, og ynskjer ei ny regulering av dette området, samt endre arealformål til faktisk bruk.
<b>Tyinkryssset fjellstue med alpin</b>	Regulert alpinnedfart er ikkje i tråd med tilråding frå Ecosign. Dette, saman med fortettings- , utnyttingspotensiale og heilskapeleg sentrumsutvikling, er årsakene til at kommunen ynskjer å sjå på dette området på nytt. Området er ikkje utvikla.


## 9.2 Nye utbyggingsområde

For kommuneplanar, herunder kommunedelplanar, som legg til rette for framtidig utbygging, skal planomtala gje ei særskilt vurdering og omtale av planen sine verknadar for miljø og samfunn (konsekvensutgreiing), jf. pbl. § 4-2 andre ledd. For dei nye utbyggingsområda i planen er det difor gjort ei konsekvensutgreiing med utgangspunkt i tilhøve som er vesentlege som grunnlag for vedtak. For dei same områda er det og gjort ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), jf. pbl § 4-3. Det skal utarbeidast reguleringsplan for dei nye byggjeområda før dei kan takast i bruk, jf. pbl § 11-9 første ledd nr. 1.

Utgangspunktet for planforslaget er arealbruk frå masterplanen, men fylgjande prinsipp er og lagt til grunn for å kome fram til dei nye utviklingsområda:

- Klimavennlegheit - Sjå på eksisterande kvalitetar ved området og utvikle dagens sentrumsområde
- Nye utviklingsområde skal vera i ei naturleg forlenging av eksisterande område - nytte fjellet saman (frå Andstor i aust til Tenlelie i vest)
  - Lågt konfliktnivå (til dømes mot nasjonale- og regionale retningslinjer) - Byggjegrænse mot fjell på 1080 m.o.h.
- Leggje til rette for vidare, framtidig utvikling av området i tråd med masterplanen

Figur 4 syner arealformål innafør utviklingsområdet på Tyinkryset .



**Figur 4:** Utviklingsområde i gult, eksisterande fritidstomter avgrensa med tomtegrense.



Tabell 4 syner arealrekneskap for heile planforslaget.

**Tabell 4:** Nye areal for utbygging i kommunedelplanen, fordelt på formål. (Areal oppgjeve i mål).

Arealformål	Sosi-kode	Eksisterande	Nye, framtidig
Fritidsbustadar	1120	532	1100
Sentrumsformål	1130	0	90
Fritids- og turistformål	1170	17	58
Næring	1300	0	15
Alpin	1400	838	238
Kombinertformål*	1800	93	108
Parkering	2080	15	14
Naturområde	3020	0	58
Turdrag	3030	5	0
Grønnstruktur	3800	1	52

\*eksisterande bustader vert føreslege omregulert til kombinert formål

### 9.2.1 Bygg og anlegg

Tabell 4 syner arealformål i planforslaget, forutan bruk og vern av vassdrag og LNFR. Fritidsbustad og alpin tek mest beslag på areal. Eksisterande bustader er føreslege kombinertformål for å gje eigar fridomen til å nytte bygg som hus eller fritidsbustad. Det vert lagt opp til at føresegna avgrensar fridomen til bruksendringar. Dette fordi formål er å gje eksisterande bustader fridomen til å velje bruksformål.

#### 9.2.1.1 Fritidsbustader

Kommunedelplanen har sju nye område for fritidsbustadar. Til saman er det 1100 mål med nye areal for fritidsbustadar (sjå tabell 5).

**Tabell 5:** Oversikt over dei nye områda med formål fritidsbustad.

Område	Areal (i mål)	Type bygg	Kommentar
<b>Fortetting Andstor</b>	i 158,7	Hytter	m.o.h. for høgste punkt: 971
<b>Bøstølen</b>	173,7	Hytter	m.o.h. for høgste punkt: 1059
<b>Steinhaus</b>	211,7	Hytter	m.o.h. for høgste punkt: 1077
<b>Vesleåne</b>	168,6	Hytter	m.o.h. for høgste punkt: 1001
<b>Synhaus</b>	191,5	Hytter	m.o.h. for høgste punkt: 1046
<b>Skørnsnøse</b>	183,2	Hytter	m.o.h. for høgste punkt: 1020
<b>Høgeset</b>	11,0	Hytter	m.o.h. for høgste punkt: 910
<b>Sum</b>	1098,4		

### Verknad

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at skredfare, kulturminner/miljø og landskapsomsyn er viktig å avklare ved detaljregulering. Dei fleste områda er i nærleik til eksisterande infrastruktur, men kapasitet og dimensjonering av tilkomstveg må vurderast nærare. Dette gjeld spesielt utanfor planområda. Det er ikkje



registrert arter av nasjonal forvaltningsinteresse. Det er båndlagt større kulturmiljøer i nærleik av Skørsnøse og Høgeset.

Konklusjon: *For områda med arealformål fritidsbustadar meiner kommunen at dei momenta som konsekvensutgreiinga omtalar, vil la seg innarbeide i detaljreguleringa som skal bli utarbeidd for områda.*

#### 9.2.1.2 Sentrumsformål

Arealet mellom Jokerbutikken i sør og Tyinkryset Fjellstue i nord er sett av til sentrumsforemål. Med dette arealforemålet ynskjer kommunen å utvikle eksisterande sentrum. Eksisterande bustader, fritidsbustader og næringbygg får kombinert foremål. Det samla arealet for sentrumsområdet er 90 daa, men med kombinerte foremål er området rundt 124 daa. Sjå pkt. 9.2.1.3 for utgreiing av desse områda.

Verknad

Konsekvensutgreiinga konkluderar med at planforslaget gjev betre fleksibilitet for vidare utvikling av området. Ved detaljregulering må det takast omsyn til skredfare, kulturminner, naturressursar og eksisterande friluftsområde. Det er naturleg å oppretthalde samanhengande landskapsbelter innanfor område.

Konklusjon: *For områda med arealformål sentrumsformål meiner kommunen at dei momenta som konsekvensutgreiinga omtalar, vil la seg innarbeide i detaljreguleringa som vert krevd for området.*

#### 9.2.1.3 Fritids- og turistformål

Eksisterande fritids- og turisttilbod vert vidareført med dette arealformål i planforslaget. Dette gjeld i hovudsak bygg registrert med dette foremål og Filefjellstuene. Desse utgjør total rundt 17 daa. Sjå pkt. 9.2.1.4 for kombinerte arealformål som og inkluderar fritids- og turistformål.

Framtidige areal avsett til fritids- og turistformål er FT1 og FT2 ved Andstorheis, og FT3 i Skaftneverhammern. Dette er meint som område for utleigeeiningar i samband med alpinttilbod. Det er krav om detaljregulering av desse områda. Områda med fritids- og turistformål er beskrevet i tabell 6.

**Tabell 6:** Oversikt over fritids- og turistformål

Område	Areal (daa)	Bruk	Kommentar
<b>FT1</b>	4	Utleigeeiningar	Krav om reguleringsplan.
<b>FT2</b>	12	Utleigeeiningar	Krav om reguleringsplan.
<b>FT3</b>	42,5	Utleigeeiningar	Krav om reguleringsplan.
<b>Filefjellstuene</b>	12	Utleigeeiningar og serveringsstad/overnatting	I tråd med dagens bruk.
<b>Div. mindre bygg</b>	4,2	Utleigeeiningar og serveringsstad/overnatting	I tråd med dagens bruk.
<b>Sum</b>	<b>74,7</b>		



## Verknad

Konsekvensutgreiinga konkluderer med eksisterande bygg må avklarast mtp. kulturminner og skredfare før ein kan gje løyve til nye tiltak. I nokre område må det også takast omsyn til kulturmiljø. Dette kjem fram av plankart.

For nye utviklingsområde som vert regulert til fritids- og turistformål må detaljregulering avklare førehald til kulturminner, skredfare, landskapsinngrep og internveger. Det er kort avstand til eksisterande infrastruktur, og føreslege arealbruk vil kome lokalsamfunnet til gode gjennom næringsutvikling og auka sysselsetting i kommunen.

*Konklusjon: For områda med arealformål fritids- og turistformål meiner kommunen at dei momenta som konsekvensutgreiinga omtalar, vil la seg innarbeide i detaljregulering som skal bli utarbeidd for områda.*

#### 9.2.1.4 Kombinert arealformål

Eksisterande bustader, fritidsbustader innafor sentrumsområdet, UH1, UH2, UH3, Skaftsneverhammern, samt utviklingsområde i Skørnsnøse og Tyinkryset fjellstue har fått kombinert arealformål. Dette skal sikre fleksibilitet og ynskt utvikling innafor planområdet.

Områda med kombinert arealformål er beskrevet i tabell 7.

**Tabell 7:** Oversikt over områda med kombinert formål

Område	Areal (daa)	Formål	Kommentar
<b>Sentrum</b>	40,6	Næring, fritidsbustad, bustad, sentrum,	Formål ut frå dagens bruk, samt sentrumsformål. Eksisterande bustader kan også endres til fritidsbustad
<b>Tyinkryset alpin</b>	47	Fritidsbustad, fritids- og turistformål	Fleksibelt bruk av området. Krav om detaljregulering.
<b>Skaftsneverhamarn</b>	27	Fritidsbustad, fritids- og turistformål	Fleksibelt bruk av området. Krav om detaljregulering.
<b>UH1 og UH2</b>	20	Fritidsbustad, fritids- og turistformål	Arealformål i tråd med faktisk bruk.
<b>UH3</b>	15	Fritidsbustad, fritids- og turistformål	Fleksibelt bruk av området. Krav om detaljregulering.
<b>Skørnsnøse</b>	9,5	Fritidsbustad, fritids- og turistformål	Fleksibelt bruk av området. Krav om detaljregulering.
<b>Høgeset</b>	13,5	Fritidsbustad, bustad	Eksisterande bustader kan endres til fritidsbustad.
<b>Nystøga</b>	19	Fritidsbustad, fritids- og turistformål	Arealformål i tråd med faktisk bruk.
<b>Div. mindre bygg</b>	7,5	Fritidsbustad, fritids- og turistformål	Fleksibelt bruk av bygg.
<b>Sum</b>	201		





## Verknad

Konsekvensutgreiinga konkluderer med eksisterande bygg må avklarast mtp. kulturminner og skredfare før ein kan gje løyve til nye tiltak. I nokre område må det også takast omsyn til kulturmiljø. Dette kjem fram av plankart.

For nye utviklingsområde som vert regulert til kombinert formål må detaljregulering avklare førehald til kulturminner, skredfare, landskapsinngrep og internveger. Det er kort avstand til eksisterande infrastruktur, og føreslege arealbruk vil kome lokalsamfunnet til gode gjennom næringsutvikling og auka sysselsetting i kommunen.

Konklusjon: *For områda med kombinert arealformål meiner kommunen at dei momenta som konsekvensutgreiinga omtalar, vil la seg innarbeide i detaljregulering som skal bli utarbeidd for kvart område.*

### 9.2.1.5 Næring

I tillegg til Tyinkryset sentrum, kor ein legg til rette for næringsverksemd, utleigeiningar (både fritidsbustadar og bustadar) og leilegheiter for sal, så er det to mindre næringsareal i kommunedelplanen. N1 skal innhalde nytt servicebygg for ny stolheis (Andstor), og N2 legg til rette for servicetilbod/restaurant på toppen av Andstor. Tabell 8 syner områda.

**Tabell 8:** Oversikt over dei nye områda med formål næringsverksemd.

Område	Areal (daa)	Bruk	Kommentar
N1	2	Serviceilbod	Krav om detaljregulering
N2	13,2	Serviceilbod	Krav om detaljregulering
Sum	15,2		

## Verknad:

Konsekvensutgreiinga syner at N2 krev mest omsyn ved utvikling. N1 ligg nær eksisterande infrastruktur og i liten grad er i konflikt med utgreiingstema. N2 ligg over skoggrensa, langt frå eksisterande infrastruktur. Området avsett har stor areal, men det vert lagt til grunn at det kun skal føres opp eit bygg med servicetilbod. VA-rammeplan syner at området kan forsynes med kommunalt vatn- og avlaupsanlegg. Samstundes sett det store krav til detaljregulering å unngå fjernverknad, store landskapsinngrep og akseptable tryggleiksløysingar.

Konklusjon: *For områda med næringsformål meiner kommunen at momenta som konsekvensutgreiinga omtalar, vil la seg innarbeide i detaljregulering som skal bli utarbeidd for områda.*





### 9.2.1.6 Idrettsanlegg

#### 9.2.1.6.1 Alpin

Kommunedelplanen legg til rette for to nye alpinutviklingar: barnebakke/tilbringerheis knytt til Tyinkrysset sentrum/alpin og ein stolheis (Andstor) som er viktig for både utvikling av det samla reiselivstilbodet på Tyinkrysset og for å knytt saman det framtidige landsbyområdet i masterplanen med eksisterande bebygging og alpinområde på sørsida av E16. Tabell 9 syner områda.

**Tabell 7:** Oversikt over dei nye områda med arealformål idrettsanlegg som skal nyttas til alpin.

Område	Type heis	Areal (i mål)	Total lengde på nedfartar
Alpin_Andstor	Stolheis	220	15 500 m
Alpin_Barneheis	Tilbringerheis	19,3	1 000 m
Sum		239,3	16 500 m

Vurdering:

Konsekvensutgreiinga konkluderer med at Andstorheis med nedfart skaper samanhengande inngrep i natur og landskap, og at dette må vidare utgreiast på detaljregulering for avbøtende tiltak. Disse samanhengande inngrepena kan og fungere som vassveg, og overvatn og vasshandtering avklarast. Negativ konsekvens vert avgrensa av at området rundt allereie er utvikla med alpintilbod. Tilkomstvegar og infrastruktur må bli sett i samanheng med inngrep for oppføring av alpintrase og –heis.

Det er og registrert kulturminner innafor nedfartstrase, noko som må avklarast ved detaljregulering.

Sist er alpinnedfart planlagt med undergang under E16. Det er allereie etablert krysningsspunkt under vegbane, men eventuell krysning over vegbane må avklarast med vegeigar (p.t Statens Vegvesen).

Tiltaket vil elles føre til auka tilbod i området, men fylgjande positive konsekvens for sysselsetting og næringsutvikling. Alpintilbod er også ein viktig del av planforslaget og overordna masterplan.

Konklusjon: *Alpin-tilbodet er eit viktig element for næringsutviklinga i området. Dei momenta som konsekvensutgreiinga tek opp, må avklarast på detaljreguleringsnivå. Kommunen har teke omsyn til dei momenta som Statens vegvesen har kome med når det gjeld kryssing av E16, som at heisane må krysse vinkelrett på vegen.*

#### 9.2.1.6.2 Langrenn

Saman med alpintilbodet, er langrennsløyper viktige vinteraktivitetar i området. Planforslaget legg til rette for at skiløypene går i to skiundergangane ved kryssing av E16 gjennom planområdet. Samstundes blir det lagt til rette for ei rundløype på nordsida av E16. Denne kan utviklast til ei tidlegløype.

Konklusjon: *Tidligløypa kan krevje inngrep for å realiserast. Det er allereie ført opp skibruar, og området vert nytta vinterstid til formålet. Tidligløype vert handtert som byggesak, og det vert lagt til grunn at den må ta omsyn til landskapsinngrep og kulturmiljø på line med andre tiltak.*



### 9.2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Planforslaget legg opp til vidareføring av eksisterande intervegar, samt forslag til interveger til eksisterande tomter utan tilkomst og areal avsett til VA-anlegg.

#### 9.2.2.1 Parkeringsplassar

Det er to større parkeringsplassar i kommunedelplanen, P1 og P2. Dei legg til rette for parkering for om lag 780 bilar (sjå tabell 8).

**Tabell 8:** Oversikt over dei nye områda for parkering.

Område	Areal (i mål)	Kommentar
P1	14,6	Eksisterande parkering
P2	13,6	Krav om detaljregulering
Sum	28,2	

#### Vurdering

Konsekvensutgreiinga konkluderar med at areal avsett til parkering ikkje har nokon store konfliktområder, men at P2 førar til noe tap av skog og myr. P2 ligg nært innpå E16, så området er ikkje urørt. Det vil også rydde opp i området tidligare brukt til bio-dammer. P2 er råka av skredfare med kjent sannsynligheit, noko ein må ta omsyn til ved detaljregulering.

P2 må sjåast i samanheng med føreslege utviding av alpintilbod, og er meint å dekke naudsynt parkeringsareal for dette. Dette er positivt.

Konklusjon: *Det er naudsynt med betre parkeringsmogelegheiter i planområdet. Omsyna som konsekvensutgreiinga tek opp, er mogeleg å løyse i detaljreguleringa.*

#### 9.2.2.2 Nye vegar

Planforslaget ikkje opp til nye vegar, anna enn til bygg for kommunalt vatn og til ein tomt som blir regulert direkte. Vidare er det krevd at eksisterande tilkomstveger vert vurdert og om naudsynt dimensjonert ved utvikling av nye områder eller fortetting i eksisterande område.

Konklusjon: Planforslaget legg ikkje opp til utvikling av nytt vegnett.

### 9.2.3 Landbruk-, natur- og friluftsmål samt reindrift

Det meiste av arealet innanfor kommunedelplanområdet er LNFR-område. Delar av området nyttast til beite for tamrein.



### 9.3 Omsynssoner, pbl § 11-8

#### 9.3.1 Krav om felles planlegging, pbl § 11-8 tredje ledd bokstav e

I kommunedelplanen er det 13 omsynssoner med krav om felles planlegging. Disse er merka i plankartet med omsynssone H810\_1 til H810\_13. Dei respektive områda må sjåast i samanheng for å sikre heilskapeleg utvikling av naudsynt infrastruktur som mellom anna tilkomstveg, parkering, vatn og avløp, straum, fjern-/nærvarmeanlegg, skiheis med tilhøyrande nedfartar, samanhengande grøntareal, stigar og sykkelløyper, krysningspunkt for alpintrasé, m.v.

Alle omsynssonene er underlagt den felles omsynssona som er markert med H410\_1. Denne omfamnar alle nye og eksisterande utviklingsområde, forutan område der reguleringsplan skal gjelde (H910\_1 til 22).

Temakartet syner omsynssonene med krav om felles planlegging på ein god måte, medan omsynssone H810\_1 krev ei utvida forklaring. H810\_1 inneheld utviklingsområda Andstor alpin, Tyinkrysset alpin, P2, N1 og N2. Årsaka til dette er at områda må bli sett under eitt for å sikre naudsynt infrastruktur og servicetilbod for alpinområdet. Det er stilt rekkefylgjekrav om at omsynssone H810\_1 skal utviklast fyrst innanfor den samla omsynssona H410\_1.

#### 9.3.2 Omsynssone for tilkomstveg og bru

I planområdet er det to omsynssoner som dekker viktige tilkomstveggar til hovuddelen av dei nye utviklingsområda på Tyinkrysset. Omsynssone H830\_1 tek for seg vegen med avkøyring frå Nystøgovegen til over brua ved Filefjellstuene, og omsynssone H830\_2 tek for seg vegen med avkøyring frå E16 til over brua ved Andstor UH1 og UH2.

For å sikre at desse tilkomstvegane og bruene blir vurdert og eventuelt dimensjonert for framtidig bruk, er det stilt fylgjande rekkjefylgjekrav:

- Før det gjevast løyve til frådelling eller tiltak etter pbl. §§ 1-6 og 20-1 innanfor omsynssone H810\_8(Synhaug), H810\_7(Vesleåne) og H810\_11(UH3) skal tilkomstveg og bru markert med omsynssone H830\_1 i kartet vurderast og om naudsynt dimensjonerast for planlagt bruk.
- Før det gjevast løyve til frådelling eller tiltak etter pbl. §§ 1-6 og 20-1 innanfor omsynssone H810\_4(Andstor), H810\_5(Bøastølen) og H810\_6(Steinhaug) skal tilkomstveg og bru markert med omsynssone H830\_2 i kartet vurderast og om naudsynt dimensjonerast for planlagt bruk.

#### 9.3.3 Omsynssoner der gjeldande reguleringsplanar skal gjelde, pbl § 11-8 tredje ledd bokstav f

I planområdet til kommunedelplanen er det 31 vedtekne reguleringsplanar (sjå tabell 2). Etter ei heilskapleg vurdering ynskjer kommunen å vidareføre 22 av desse, jf. pbl § 11-8 tredje ledd bokstav f. Desse har fått omsynssonene 910\_1 til 910\_22 i plankartet.

### 9.4 Generelle føresegn til kommunedelplanen

#### 9.4.1 Plankrav, pbl § 11-9 første ledd nr. 1

I kommunedelplanen er det stilt krav om detaljregulering for alle nye utviklingsområde, jf. pbl § 11-9 første ledd nr. 1, jf. også pbl §§ 12-1 og 12-3. Årsaka til dette er å sikre utvikling av områda i tråd med masterplanen og ynskjt utvikling.



#### 9.4.2 Rekkefylgjeføresegn, pbl § 11-9 første ledd nr. 4

For å sikre etablering av naudsynt infrastruktur, som mellom anna vatn og avløp, viktige og tyngre infrastrukturinvesteringar som skiheisar og ei samfunnsøkonomisk utvikling av utbyggingsområda, er det stilt rekkefylgjeføresegn i kommunedelplanen. Etablering av stolheis i Andstor og barne-/tilbringerheis på Tyinkryset alpin er ein sentral del av utviklingsplanane på Tyinkryset, og etablering av desse tilboda vil koma grunneigarar og interessentar til gode i form av høgare tomteprisar og eit auka reiselivstilbod i området, vinter og sumar.

Føresegn 8.1. tek for seg meir generelle rekkefylgjeføresegn for heile planområdet, mellom anna at det er krav om reguleringsplan innanfor eit område avsett til bygg og anlegg, at utbyggingsavtaler skal fylgje planprosessen til reguleringsplan og at detaljplan for vatn- og avløpsanlegg skal leggast fram til særskilt godkjenning og at godkjent VA-plan skal fylgje reguleringsplan ved vedtak.

Føresegn 8.2. avgrensar seg til alle tiltak innanfor omsynssone H410\_1, der dei to fyrste punkta omhandlar at naudsynt infrastruktur skal vera etablert til utbyggingsområde markert med omsynssone H810\_1( Andstor alpin, Tyinkryset alpin, P2, N1 og N2), og at Andstorheisen(stolheis) og tilbringer-/barneheis i Tyinkryset alpin skal vera sikra etablert. Saman med etablering av parkeringsplass P2 skal tilkomstveg til parkeringa (på nordsida av europavegen) og tilbake til E16 (på sørsida av europavegen) etablerast, der statens vegvesen skal godkjenne byggjeteikningane.

Vidare er det stilt krav om at nye utviklingsområder skal fylgje etappane fastsett i rammeplan VA, og at tilkomstveg og bru i omsynssone H830\_1 og H830\_2 skal vurderast og eventuelt dimensjonert før det blir gjeve løyve til frådelling eller tiltak etter pbl. §§ 1-6 og 20-1.

#### 9.4.3 Forutsigbarhetsvedtak

I kommunestyret den 06.april 2017 i sak 019/17 vart det fatta forutsigbarhetsvedtak jf. pbl. § 11-9 nr.2:

*Som grunnlag for ny kommunedelplan på Tyinkryset vedtek Vang kommune følgjande forutsigbarhetsvedtak, jf. pbl § 17-2:*

##### 1. Geografisk avgrensing og utbyggingsavtale

*Vang kommune krev inngåing av utbyggingsavtale innanfor kommunedelplanen for Tyinkryset sitt område når ein eller fleire føresetnader er til stade, jf. pbl §§ 17-2 og 17-3. For områder som er avsett som utviklingsområde, vil inngåing av utbyggingsavtale normalt vere ein føresetnad før byggeløyve (ramme- og igangsettingsløyve) kan gis.*

##### 2. Kommunalt vatn- og avlaup

*Innanfor kommunedelplanen på Tyinkryset vil det ikkje bli gitt løyve for nye private anlegg for vatn og avlaup.*

##### 3. Hovudprinsipp for kostnadsfordeling:

*Utbyggjar bær sjølv alle utbyggingskostnadane med å leggje til rette for naudsynt teknisk- og blå-grøn-infrastruktur innanfor sitt utbyggingsområde.*



*Kostnadane til det nye vassverket skal fordelast mellom utbyggerane og Vang kommune (berre ein mindre del av kostnadane kan dekkast under kommunen sitt sjølvkostområde for vassforsyning). (Påkoblingsavgift og andre ordinære kommunale omkostningar kjem i tillegg).*

*4. Utbyggingsetappe nr 1 i ny kommunedelplan må vurderast nøyare.*

I kapittel to i føresegna er det utdjupa i kva tilfelle kommunen vil nytte utbyggingsavtaler:

- Utbyggingsavtalar:
  - I fremtidige byggeområder vist i plankartet vil utbyggingsavtale vera ein føresetnad før utbygging, jf. vedtak i sak KS-057/06 og pbl § 17-2.
  - Utbyggingsavtale skal sikre anlegg og infrastruktur som vegar, parkering, brøyting, skiløyper, vassforsyning, avløp, fjern-/nærvarmeanlegg, sykkelstigar eller elvekryssningar og andre aktuelle fellestiltak.
  - Ei utbyggingsavtale mellom grunneigar og/eller utbygger og kommunen skal avklare ansvarsfordeling for utbygging av desse tiltaka:
    - Teknisk og grøn infrastruktur (t.d felles avkøyring, vatn og avlaup, parkering, ladestasjon)
    - Bustadpolitiske tiltak og utforming av bygg (t.d fordeling av bustadstyper, storleik på bueiningar, livslaupsstandard, universell utforming)
    - Særskilte tiltak som er naudsynt for gjennomføring av planvedtak
    - Tiltak der det må bli dokumentert at tiltaket er naudsynt for gjennomføring av planen og der kostnadane må fordelast etter nytte
    - Krav til gjennomføring av utbygging (t.d utbygging innan 5 år frå sal/ervert av tomt)
    - Ansvarsfordeling under bygging og framtidig drift
  - Opparbeidingsplikt for veg, vatn og avløpsanlegg jf. pbl § 18-1 gjeld fullt ut.
  - Behandling av utbyggingsavtalar skal fylgje reguleringsplanarbeidet. Utbyggingsavtale skal stadfestast av kommunestyret ved vedtak av reguleringsplan. Dersom naudsynt, kan det vera eit rekkefylgjekrav i reguleringsplanen at utbyggingsavtale skal vera signert før det blir gjeve løyve til tiltak.
- Kommunestyret kan i særskilte tilfeller inngå utbyggingsavtale med grunneigarar og/eller utbygger av større utbyggingstiltak også etter vedeken plan. Utarbeiding av utbyggingsavtale vil då fylgje sjølvstendig løp.



---

## 10 Innspel som kom til varsel om planoppstart

Planprogrammet låg ute til offentlig ettersyn i perioda frå 23.mars 2015 til 08.mai 2015. Det kom inn 11 innspel til planprogrammet, der tre av desse vart behandla ved sluttbehandling av planprogram i kommunestyret (sak 046/16), medan åtte av desse var innspel på utbyggingsområda. Desse blir refererte og kommentert nedanfor.

Liste over innspel:

- Yvonne og Leif Øyvind Solemsli, 13.03.15
- Bø- og Grøvtølen sameige og Grøvtølen sameige, 06.05.15
- Forum for natur og friluftsliv Oppland, 07.05.15
- Ole Grihamar, 07.05.15
- Tyin/Filefjell Utvikling, 08.05.15
- Knut Vidar Svanheld/Gunn Tove Nyheim, 08.05.15
- Tyin Filefjell Hytteforum/Tyin Filefjell Turløyper, 08.05.15
- RMF(Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 11.05.15



---

Yvonne og Leif Øyvind Solemsli, 13.03.15

Ynskjer å få regulert deira gards- og bruksnummer 2/192 i bustadfeltet på Høgeset frå bustad til fritidsbustad, og meiner det er fornuftig at og dei andre bustadtomtene og får formålet.

Rådmannen sin kommentar:

Gnr./bnr. 2/192 er føreslege til kombinert formål bustad/fritid i forslaget til ny kommunedelplan. Dei resterande kommunale tomtene er føreslege til fritidsformål.

Bø- og Grøvsstølen sameige og Grøvsstølen sameige, 06.05.15

Ynskjer å sette av areal kring Steinhaugområdet, areal i Bø- og Grøvsstølen og areal aust for Bøastølen til framtidig utviklingsområde.

Rådmannen sin kommentar:

Heile Steinhaugområdet (areal mellom Tørrisheis og planlagt Andstorheis) er innarbeidt som framtidig utviklingsområde i forslaget til ny kommunedelplan. Det same er arealet aust for Bøastølen, men i forslaget til ny kommunedelplan ligg det inne vesentleg meir areal kring Bøastølen enn det som er skissert i innspelet, då skissa i innspelet tek utgangspunkt i ei tidligare utgåve av *masterplankartet*. Kommunen ser det som naudsynt å legge inn tilstrekkeleg utbyggingsareal som grunnlag for finansiering av Andstorheisen.

Areal i Bø- og Grøvsstølen opp mot Nedre Bøastøltjedn er ikkje føreslege lagt inn i forslaget til ny kommunedelplan, då heile dette arealet ligg over føreslege byggegrense på 1080 moh. Dette arealet vil eventuelt bli vurdert ved neste revidering av kommunedelplan Tyinkrysset.

Forum for natur og friluftsliv Oppland, 07.05.15

Innspelet til Forum for natur og friluftsliv(FNF) Oppland meiner at framtidige utbyggingar og inngrep må planleggast ut i frå eit prinsipp om fortetting av eksisterande områder, og ikkje ytterligere nedbygging av natur- og friluftslivsområder. Dei har elles fylgjande innspel:

- Fokus på å ikkje planlegge utbygging i områder med der det er finst truga dyre- og naturtypar, og fokus på naturmangfaldet gjennom planlegginga.
- Legge til rette for å drive med friluftsliv i nærleiken til bustad.
- Legge forpliktande klima- og energiplan til grunn for arealplanlegginga.
- Ynskjer att deira lokalorganisasjonar inviterast til å delta i arbeidsgrupper eller liknande.

Rådmannens kommentar:

Fleire av innspela er innarbeidt og teke høgde for i plandokumenta. Innspelet blir elles teke til orientering.



---

Ole Grihamar, 07.05.15

Ynskjer at området sør for E16 ved Fløgstrøndfjorden blir lagt inn som framtidig utbyggingsareal for fritidsbustader, og at areal ved Grihamarstølen nord for elva på hans teig og opp til området som ligg i reguleringsplan for Skørnsnøse, settast av til fritidsbustader. Deler av sistnemnte areal er dyrka mark, men har låg avkastning grunna dårlig jordsmonn og høgde over havet. Meiner arealet bør settast av til noko som kan gje høgare avkastning. Området er kartlagt for skred.

Rådmannens kommentar:

Området sør for E16 ved fløgstrøndfjorden ligg ikkje som framtidig utviklingsområde i denne revideringa til kommunedelplan, då det ikkje er i tråd med prinsippet om utviding og fortetting av eksisterande område. Arealet ligg og inne som planlagt alpinareal i masterplanen, og kommunen ynskjer å legge føreslege arealdisponering i masterplanen til grunn for pågåande, og framtidig, revidering av kommunedelplan.

Føreslege areal ved Grihamarstølen ligg både innanfor omsynssone for vassdrag og område med viktige kulturminner- og miljø. Skørnsnøseområdet er lite utvikla, og føreslege areal er då heller ikkje i tråd med prinsippet om utviding og fortetting av eksisterande område.

Tyin Filefjell Utvikling AS, 08.05.15

Tyin Filefjell Utvikling sitt innspel handlar primært om å legge inn og etablere ein turveg som vil knytte dei store hytteområda i Børrelia tettare saman med næringslivet sentralt på Tyinkrysset. Denne kan nyttast som skiløype vinterstid og vil då knytte saman områda på ein god måte med den planlagde tidligløypa nord for E16 ved Tyinkrysset. Vegalternativa for Kongevegen må og styrkast frå Tyinkrysset til Kyrkjestølen for å få ein god samanhengande veg som kan nyttast til ulike formål året gjennom.

Rådmannens kommentar:

Rådmannen tek innspelet til orientering. Etablering av turveg må løysast på detaljreguleringsnivå, og vil vera aktuelt å planlegge inn til dømes med detaljregulering av det framtidig utviklingsområde Skaftneverhamarn. Elles er t.d. etablering av turstig eit søknadspliktig tiltak jf. plan- og bygningslova.

Knut Vidar Svanheld/Gunn Tove Nyheim, 08.05.15

Ber om at resterande areal av deira teig på gnr.7 og bnr. 30, som ikkje er omfatta av vedtake reguleringsplan «Tyinkrysset Fjellstue med alpin», får same kombinert arealformål som i denne planen, og at arealet på oversida av Grøvsjøta blir sett av til område for fritidsbustader.

Rådmannens kommentar:





Resterande areal på gnr. 7 bnr. 30 er delvis føreslege inn som sentrumsområde og delvis inn som alpinareal i «Tyinkrysset alpin» i ny kommunedelplan. Deler av arealet på oversida av Grøvsjøta er lagt inn som framtidig utviklingsområde.

Tyin Filefjell Hytteforum og Tyin Filefjell Turløyper, 08.05.15

Påpeikar at Vang kommune har sett som mål å bli ein av landets beste hyttekommunar, og føreset å bli involvert i det vidare planarbeidet for å fremme ei god utvikling av nye utbyggingsområder og løyper i området. Dei meiner det må utarbeidast ein sti- og løypeplan, som må inn som ein del av kommunedelplanen. Denne må innehalde ein rammeplan for kompensasjon for grunneigarar som blir rørde av stigar og løyper på sin grunn, og infrastruktur som bruer og skilt. Desse stigane og løypene må få same status alpinløyper slik at dei får tildelt midlar gjennom masterplanens «fellestiltak». Dei påpeikar og at det må utarbeidast avtaler som sikrar drift av heisanlegga i tråd med den overordna målsettinga om ein attraktiv hyttekommune.

Rådmannens kommentar:

Det er ikkje utarbeidt ein eigen stig- og løypeplan ved denne revideringa av kommunedelplan, men dette er noko ein kan vurdere å utarbeide etter vedtak av ny kommunedelplan. I kommunedelplanen er det føreslege at bruk av utbyggingsavtalar og kan nyttast til etablering av stig- og turløyper, og då kan vil det vera fornuftig med t.d. ein overordna stig-, sykkel- og løypeplan. Rådmannen tek innspelet til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne(RMF), 11.05.15

Syner i sitt innspel til formålsparagrafen til plan- og bygningslova der universell utforming er nemnt i siste punkt, og at det er lite spor av dette under utgreiingar i planprogrammet. Syner og til at det er eit krevjande område med tanke på tilkomst for mellom anna eldre og rørslehemma, og at dette bør utgreiast og tenkast på i eit tidleg stadium av planlegginga. Dei peikar vidare på korleis omsynet til universell utforming må bli teke omsyn til i planområdet, og at ein legg opp prosessane slik at synspunkt og innspel på dette temaet kan koma inn så tidleg som mogleg i prosessen.

Rådmannens kommentar:

Plan- og bygningslova tek for seg universell utforming mellom anna i pbl. §§ 1-5, siste ledd og 12-7 fjerde punkt, og er i så måte allereie godt ivareteke i ein planprosess. Rundskriv «T-5/99 Tilgjengelighet for alle (29.12.2009)» er og innarbeidt i kapittel 7 under «statlige- og regionale føringar. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne(RMF) vil og vera høyringspart ved nye detaljreguleringar. Rådmannen er elles samd i at det er viktig å ta omsyn til, og leggje til rette for, eldre og rørslehemma i framtidige reguleringsplanar på Tyinkrysset, og tek innspelet til orientering.



## 11 I. Vedlegg:

Tabell 1: Artar av særleg stor og stor forvaltningsinteresse innanfor kommunedelplanområdet (kjelde: Mijødirektoratet sin naturbase).

Namn	Gruppe	Forvaltnings- interesse	Kriteria	Lokalitet	Habitat
Bergand	Fuglar	Særleg stor	Rødlistet (sårbar)	Slettningen	
Blåstrupe	Fuglar	Særleg stor	Ansvarsart; Rødlistet (nær trua)	Kyrkjestølane; Nystova	
Fiskemåke	Fuglar	Stor	Rødlistet (nær trua)	Tyinkrysset	
Fjellrype	Fuglar	Særleg stor	Ansvarsart; Rødlistet (nær trua)	Otrøvatnet	
Fjellvåk	Fuglar	Særleg stor	Ansvarsart	Alpinsenteret, Tyinkrysset, Stølsnøse	
Havelle	Fuglar	Særleg stor	Spesielt omsynskrevjande art; Rødlistet (nær trua)	Slettningen, Tenlefjorden, Slettningen	
Lappspurv	Fuglar	Særleg stor	Ansvarsart; Rødlistet (sårbar)	Slettningen, Tenlefjorden, Slettningen	
Svartand	Fuglar	Særleg stor	Rødlistet (nær trua)	Røtjern	
Svarthalespove	Fuglar	Særleg stor	Rødlistet (sterkt truet)	Vesle Tenla	
Taksvale	Fuglar	Stor	Rødlistet (nær trua)	Tyinkrysset	
Temmincksnipe	Fuglar	Særleg stor	Ansvarsart	Austrefjorden	
Apollosummerfugl	Insekter	Særleg stor	Rødlistet (nær trua)	Stølsnosa	
Aurskrinneblom	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Sørvest for Raudbergskammen	
Bergveronika	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Sørvest for Raudbergskammen	
Blankstarr	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Bakkemyr vest for Raudbergskammen	
Blålyng	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Stølsnøse	Rik hei
Blårapp	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Raudbergskammen	
Dovrerubloom	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Tyinkrysset	Berghylle
Greplyng	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Tyinkrysset	Naturbeitemark
Molte	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Vest for Stølsnøse	Rik hei, fuktig
Rynkevier	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Vest for Stølsnøse	Rik hei
Setermjelt	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Tyinkrysset	Naturbeitemark
Setersyre	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Vest for Stølsnøse	Rik hei, fuktig
Skarmarikåpe	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Tyinkrysset, Vang, Op	Naturbeitemark
Stivstarr	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Stølsnose	Rik hei
Svarttopp	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Tyinkrysset	Rik hei, fuktig grøft, veikant



Tranestarr	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Bakkemyr vest for Raudbergskammen	
Trefingerurt	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Vest for Stølsnøse	Rik hei, fuktig
Tvillingsiv	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Sørvest for Raudbergskammen	
Tyrihjem	Karplanter	Særleg stor	Ansvarsart	Vest for Stølsnøse	Rik hei
Flatsaltlav	Laver	Særleg stor	Ansvarsart; Rødlistet (nær trua)	Bjørðøla	
Heikurlemose	Moser	Særlig stor	Ansvarsart; Rødlistet (nær trua)	Støgonøse	